



Arkivnr: 2016/2314-22

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Låneopptak 2016 - III

Samandrag

Til finansiering av investeringar i 2016 vert det teke opp eit 12-månaders lån på 470 mill. kr i Kommunalbanken. Renta er 1,39 %.

Vedtak

Det vert teke opp eit 12-månaders lån på 470 mill. kr i Kommunalbanken. Renta er 1,39 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.11.2016

I revidert budsjett er det budsjettert med lån på 1 439,7 mill. kr til finansiering av investeringar i 2016.

Det er tidlegare i år teke opp to nye lån på til saman 935 mill. kr. Det står då igjen å ta opp 504,7 mill. kr.

Ved utgangen av 2015 hadde fylkeskommunen 234,9 mill. kr i ubrukte lånemidlar. Ein kan dermed greie seg med å ta opp litt lågare sum enn budsjettert i 2016. Men det er vanskeleg å treffe akkurat, så det kan vere godt å ha ein viss reserve å gå på.

Ein vurderer 470 mill. kr å vere ein passende sum for det tredje og siste nye låneopptaket i 2016.

Ved tidlegare låneopptak og refinansieringar har ein dette året prioritert å ta opp lån med lang løpetid. Ein har tenkt at det siste lånet kunne vere eit med kortare løpetid, t.d. 12 månader. I desember skal ein innfri eit sertifikatlån på 441 mill. kr, som blir bokført som årets avdrag. Dermed er det rom for å ta opp eit nytt sertifikatlån, utan at andelen kortsiktige lån aukar nemnande.

Pr. dags dato har 52 % av låneporteføljen fast rente. Dermed er ein om lag midt i intervallet som er fastsett i finansreglementet. Ein har høve til å auke andelen fast rente opp mot 60 %. Men sidan lange renter har stige noko den siste tida, er det ikkje det mest freistande tidspunktet å ta opp fastrentelån.

Fylkesrådmannen vil denne gongen be om tilbod på eit 12 månaders sertifikatlån.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn følgjande tilbod:

| | |
|---------------------|---------|
| Kommunalbanken | 1,390 % |
| Danske Bank Markets | 1,400 % |
| DNB Markets | 1,458 % |
| Nordea Markets | 1,460 % |

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Kommunalbanken.